

Regnfull oppvarming for Festidalen

01.08.2007



Ein kvil må til mellom slaga – her i backstageteltet.

To dagar før det første bandet entrar Festidalen-scena i Uskedalen, er det gråvær og regn som spelar førstefiolin. Onsdag føremiddag var likevel 15 entusiastiske sjeler å finne på festivalområdet. Telt skal vaskast, scena riggast og gjerde monterast.

– Vi jobbar mest døgnet rundt desse siste dagane, fortel festivalansvarleg Sveinung Mæland Pile. Fredag er det festivalstart.

Utetter dagen kjem fleire lokale frivillige ruslante til området, klare for å ta eit tak. Festivalen er basert på frivilljug innsats og over 100 har meldt seg til teneste. Det er ikkje vanskeleg å få tildelt arbeidsoppgåver for den som kjem.

– Vi må legga eit betre golv i backstage-teltet. Plank finn dykk på tilhengaren, orienterer festival-leiinga.

Veret er naturlegvis eit ikkje ubetydeleg samtaleemne i gjengen. Bekymringa breiar seg i kaffipausa. Ein telefon til meteorolog Frode Håvik Korneliussen gjev ny von.

– Fredag blir nok ikkje så aller verst. Det kan nok komme ei og anna sky og kanskje litt nedbør, men så skal det klarna opp i løpet av dagen.

Prognosane for laurdag er meir sprikande, og vippar mellom ein fin dag og ein regnfull ettermiddag. Så tåleleg bra fredag og meir usikkert laurdag blir konklusjonen, fortel Håvik Korneliussen.

Det er då noko. – Men vi er ikkje her for veret, vi er her for musikken, påpeikar Eilif Myklebust. Om nokon skulle vera i tvil: Til helga blir det rockefest!

Av: Hans Christian Tveit



15 friviljuge var i arbeid på festivalområdet onsdag.